

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 21.01. 2013
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 19.11.12 – 20.01.13**

Administrerende direktør si orientering pkt 2

Styresak 007/13 O

Styremøte 06.02. 2013

Oversikt over aktuelle nye lover i perioden 19.11.12 – 20.01.13

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om endringar i helseføretakslova.	14.12.12.	<p>Dei endingane som er gjort i lova er basert på praktiske erfaringar med helseføretaksmodellen så langt og omhandlar følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Staten sin styring av føretaka blir synleggjort ved å lovfeste at departementet skal gjennomføre føretaksmøte i januar/februar kvart år der økonomiske og organisatoriske krav og rammer blir fastsett. - Departementet sitt ansvar for å halde seg orientert om økonomien og andre viktige styringsdata i føretaka blir formalisert gjennom krav om å hente inn skriftleg informasjon og gjennomføre rapporteringsmøter utanom føretaksmøta. - Konkretisering av kva som er saker av vesentleg betyding i § 30. - Ny § 2a klargjer kva rolle dei regionale helseføretak har innanfor helseføretaksmodellen. - Eigar i regionalt helseføretak skal leia føretaksmøta sjølve. - Det blir opna for at eigar kan halde felles føretaksmøte for fleire føretak. - Det blir opna for at føretak som ønskjer å eige verksemd som yter spesialisthelseteneste saman, skal kunne organisere den som helseføretak. - Verksemd som ikkje i seg sjølv yter spesialisthelseteneste, men som er ein nødvendig og sentral føresetnad for å kunne yte spesialisthelseteneste, skal kunne organiserast som helseføretak. - Kommunal verksemd skal kunne omdannast til føretak etter prinsippa i helseføretakslova § 50. - Private tenesteytarar si rolle i spesialisthelsetenesta blir synleggjort i lova.

		<ul style="list-style-type: none"> - Dei regionale helseføretak blir pålagt å etablere internrevisjon. - Ordninga med revisjonsutval blir lovfesta. - Internrevisjonen si tilgang til opplysingar som er underlagt teieplikt blir regulert. - Føretaka si moglegheit til å ta opp lån skal vere regulert i vedtektene. - Styremøter skal som hovudregel vere opne. - Føretaksmøter skal kunne gjennomførast som telefonmøter. - Gjeldande vedtektsregulering av deltaking i styremøter for styremedlemmer vald av og blant dei tilsette blir forankra i lova. <p>Endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2013.</p>
--	--	---

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 19.11.12 -20.01.13

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om obligatorisk opplæring i sjukemeldingsarbeid for leger.	07.12.12	Forskrifta stiller krav om at alle leger som skal sjukemelde har gjennomført obligatorisk opplæring i sjukemeldingsarbeid. For å dekke behovet er det utarbeidd eit e-læringskurs i sjukemeldingsarbeid. Leger som ikkje ønskjer å ta kurset på bakgrunn av at dei allereie har tilstrekkeleg opplæring i sjukemeldingsarbeid kan levere eit eigenmeldingskjema der dei gjer greie for korleis dei har tilegna seg kunnskapen. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2013, og fristen for å ha gjennomført opplæringa er sett til 1. januar 2014.

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 19.11.12 – 20.01.13

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppdragsdokument 2013.	20.12.12	Sjå eiga sak.